

Lise og Morgan Taule
 Radøyvegen 430
 5938 Sæbøvågen
morgan.taule@gmail.com
 Tf 47461106
 4631-482/27



Alver kommune
 Postboks 4
 5906 Frekhaug

30.12.2022

DISPENSASJONSSØKNAD, GARASJE TIL BOBIL

Me vil med dette søkje om dispensasjon frå veglova for å kunne sette opp ein garasje til bobil med avstand til midtline av fylkesveg 565 på 22,5 meter. Slik me les regelverket er det krav om dispensasjon då avstand til fylkesveg er mindre enn 50 meter.

Garasjen er plassert slik at den ikkje er til hinder for neverande trafikk på fylkesvegen, heller ikkje for framtidig utviding av veg eller sykkelveg. Terrenget er slik at garasjen vil verte plassert på eigen tomt, ca 4 -6 høgdemeter over og mot vest for eksisterande fylkesveg. Terrenget rundt mot sør og aust er prega av lauvskog i eit elles særskilt kupert terregng. Mot nord grensar bygget mot eige bustadhus. Slik me vurderer det, vil ein dispensasjon ikkje vere til vesentleg hinder for intensjonen med veglova sine krav.

Garasjen har planlagt med ei grunnflate på 41.8 m² med høgde 4,23 meter- Avstand til nabogrense er ca 5 meter, og avstand til bustadhus er ca 3,5 meter. Avstand til sjø er ca 200 meter. Slik me les gjeldande arealplan er området eit «kan» område som skal kunne fortsettast. Garasjen kjem dermed ikkje i konflikt med regelverk knytt til LNF område

Slik me les regelverket er det ikkje krav om byggjesøknad eller nabovarsel for å kunne sette opp garasjebygget. Det kan og nemnast at bygget er plassert slik at det i liten grad vert ruvande i terrenget, då terrenget er kupert der garasjen vert plassert. Takkonstruksjonen er og utforma slik at bygget vert så lågt som mogleg.

Me har som målsetting å føre opp garasjen våren 2023

Mvh
Lise Brundik Taule *Morgan Taule*
 Lise og Morgan Taule

Vedlegg: Plankart 1:5
 Teikningar av garasje